



Sykkylven jeger og fiskeforening
Pb.63
6239 Sykkylven

Bankkonto nr. 40453031960

Leiar: Johnny Winsjansen
tlf. 70 25 23 21
mob. 97 00 40 10
E.post: sykkylvenjff@njff.org

Sekretær: Helge Ekornåsvåg
tlf 70 25 24 30

Kasserar: Bjarne Enstad
Tlf. 70 25 16 34

Høyringsfråsegn SJFF Nedre Huna kraftverk

Sykkylven JFF er tilknytt NJFF, og har jakt, fiske og friluftsliv som heilt sentrale arbeids- og interessefelt. Særleg er vi opptekne av den lokale, kommunale naturforvaltninga. Når det gjeld det planlagde Nedre Huna kraftverk vil vi peike på følgjande moment som vi meiner må tilleggast vekt når NVE skal avgjere søknaden:

Lav minstevassføring over ei svært lang strekning (for Nedre Huna 1750 m) med stor fare for negative konsekvensar for liv i elva (vasslevande innsekt, yngel og rogn av anadrome laksefisk og stadeigen bekkaure). SJFF meiner at ei minstevassføring på berre 53 l/sek inneber stor risiko for tørrleggjing/uttørking /nedising av gytegroper/gyteplassar, yngel og anna liv i elva. I avsnittet Sammenheng i søknaden skriv utbyggjar at laksen i elva i flg grunneigarar er utdødd. I søknadssamanheng blir dette nesten å oppfatte som eit slags argument for utbyggjing, sidan der likevel ikkje er laks att i Huna! Etter Sykkylven JFF sitt syn er det heller eit alvorleg varsku om den kritiske situasjonen for dei ville laks. og sjøaurestammene ikkje minst i fylket vårt, og at vi bør gjere det vi kan for å byggje opp att dei anadrome fiskeslaga. Det gjer ein ikkje ved å fjerne det meste av elvatnet i ei over ein kilometer lang strekning frå sjøen og framover dalen! Huna er ei lakseførande elv, truleg endå viktigare for sjøaure enn for laks. Det er nasjonalt fokus på den kritiske situasjonen for sjøauren, ikkje minst i vårt fylke og nabofylka, der sjøauren kjempar ein svært vanskeleg kamp mot millionar av lakseluslarvar som året rundt driv innerter fjordstraumane der sjøauren lever og oppheld seg. Mange bukkar under, og dei som greier seg møter i større grad enn før andre utfordringar også, som forureina, øydelagde, rørlagde, tørrlagde gytebekkar/småelvar. Det er i dette lyset SJFF meiner ein må sjå planane om ikkje berre eitt, men to kraftverk i den vesle elva Huna! Meir enn nokon gong er det no etter SykkylvenJFF sitt syn viktig å ta vare på og verne slike elvar, heller enn å forringe dei og kanskje øydeleggje dei. Planane til Nedre Huna kraftverk er etter SJFF sitt syn eit omfattande og alvorleg inngrep i vassdraget, som ikkje bør imøtekomast.

Ps. Vi går ut frå at utbyggjar som del av evt konsesjonsvilkår blir pålagt erstatningsansvar ved t.d. stopp i kraftverket.

Sykkylven jeger og fiskeforening

Johnny Winsjansen
Leiar
Sign

Helge Ekornåsvåg
Sekretær
Sign